

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr. Måtar å refse --

Herad: Dalsfjord

Emne: HELSING, FAKTER OG ÅTFERD.

Bygdelag:

Oppskr. av: Sv. Lyngnes

Gard: Steinsvik o.fl.

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga, gransking.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Rørsle for "Ja" er nikking med hovudet, men på fleire måtar liksom etter i den grad ein er samd, og kor sterkt Ja det skal vera. Nikke tidt: Ja, overfladisk, heilt sjølv-sagt rett og sikkert. Nikke djupare og seint: Godt sagt, heilt samd. Eitt eller eit par små nikk: Berre understreking av vanleg ja.

Nei med risting på hovudet - meir risting di kraftigare nei det skal vera - og i nest høgste form: også risting av høgre handa framfor seg, åttåt hovudet - og høgste form begge hendene og hovudet --- Mimikken der kunne elles vera verdt nærare studium. Der er så mange måtar å sei og uttrykke Ja, og Nei - mest like mange som uttrykket Åå----.

2. No helsar ein sjeldan på andre enn dei ein kjenner, men før var det vanleg etter sunnmørs-vis å helsa på alle.

3. Ingen regel.

4. Møttest ein på ein veg, sa ein "Godt mot" og var det lenge sidan (nokre dager eller veker) ein såg kvarandre sist, helsa ein i handa. Møttest ein andre stader, i kyrkja t.d. sa ein "God dag" og handtokst.

5. Prest og embetsfolk var ein sjeldan ute for, elles kjende dei så vel sine egne såleis at helsinga vart omlag den same. Grannar og framande tok ein ikkje i handa. Å ta av seg huva "lette på hatten" er ukjent til vanleg, men vart nok brukt overfor prest og slike.

6. Ukjent.

7. Ingen skilnad på klednaden når det galdt helsing

8. Alment kan seiast at dei rett ofte handhelste. Når ein kom til selskap, handhelste ein både når ein kom og gjekk. Alle som hørde til huslyden.

9. Det hende dei klappa på oksla som gledesutbrot:

"No var du god!" Aldri som uttrykk for venskap.

10. Her hadde dei lang veg til kyrkje, 2 mil i båt. Det er fortalt at mennene tok av seg huva når dei var på kyrkjeferd og klocka ringde medan dei var på fjorden. Kvinnene hadde ikkje tilsvarande skikk.

11. Slike situasjonar kom dei sjeldan opp i, for når det var likferd i grenda, gjekk alle som kunne dit. Det same var tilfelle med brudlaup. Alle var med.

12. Ukjent.

13. "Gomorn" var det høveleg å seia føre kl 9 - i alle høve om vinteren. Om sommaren rakk det helst ikkje så lenge, til kl. 8 kanskje.

"Godag" høvde - kan ein sei til solegladsbel.

"Gokveld" var då resten av dagen.

God middag, har ikkje vore brukt som helsing, men i seinare tid meir som ynskje om "at no må du få god middagsmat"

God efta er ikkje kjent eller bruka.

God natt, var og er ikkje nytta som helsing, men som ynskje om "at du må ha ei roleg og god natt" God natt er berre bruka som avskilordsord om kvelden.

~~kx~~ God aften har same tydinga som God kveld, men kan og brukast i staden for God natt, helst når det vert sagt noko tidleg på kvelden.

14. Usømeleg er det nok ikkje, men det høyrer ikkje med til god skikk. 15. ukj.

16. "Morn" blir nok bruka litt no, føre middag. Men om ettermiddagen og kvelden aldri - utan etter tillæring utanfrå. Det vert rekna som jåleskap.

17. Guds fred var ikkje mykje bruka, men "signe arbeidet" "signe strevet" "signe kvila" ("signe sôtå") "signe laget" "signe maten" er heilt velkjent og vanleg bruka no og. Vidare "sit i fred", "Gå i fred", "stå i fred" er og vanleg helsing som vert svara med "takkk for det" "velkomen til"

18. Kan ikkje koma på andre.

19. Det er ikkje uvanleg å helse oppatt inne, serleg om tilhøva var slik ute at ein ikkje fekk gjera det skikkeleg, og så seie "Godag igjen". Men berre for at helsinga skal vera skikkeleg gjort.

20. Det gavst alltid eit påskot for å koma på tvomannshand.

Det kunne vera eitkvart i uthus, kjellar eller på garden dei gjerne ville sjå - og så var høvet der.

21. Det er vanleg "å pikke på". Det er rekna for uhøvisk ikkje å gjera det.

22. Inna svara: "Kom inn" eller "stig på". Innkomen strauk ein av huva, og gav seg til å stå ved døra, til det straks vart framsett stol, eller bøde til sates.

23. svara på. 24 og.

25. Han som kom inn helsa med ein gong, og husets folk helsa attende. F.d. om dei sað og åt: "Signe maten". "Takk for det!"

26. Nokon skilnad her var det ikkje.

27. Helsa dei framande etter skikken, så fekk dei og svar som skikk var.

28. Var det noko på stolen, turka ein av for kven det var som kom. "en åt framande kom leitte ein gjerne ein betre stol enn åt kjenningar - om det trongst.

29. Innbedne vart alltid helsa med "Velkomne hit".

30. Når dei gjekk var det: Farvel. "ller De må no leve so vel, stundom tok ein atti: -- alle i hop.

31. Avskiln for lenger reise:

"Ja, so må du no leve so vel, då - og stå deg godt."

"Takk for det, og de ogso."

Truleg for siste gong:

"Ja, eg veit 'kje anna, du må leve vel."

"Ja, mange takk for det. Og du også".

32. Ikkje skikk å kyssast.

I det heile var det svært lite brukt openlyst.

33. No er det meir bruka mellom born og foreldre, d.v.s. openlyst ("lles er det nok brukt her som andre stader i "det dulde".) Det er ofte kalla "sussing"

39. Byte nase var brukt som ap med borna - er det rest etter ur-skikk? Alle vaksne kunne finne på det.

41. "ite brukt.

42. Brukt mellom born og foreldre - og "elskende" det kallast "gode-sikt".

44. Til lukke med bryllaupet, barnsølet o.sl. "en Lukke til med eit nytt hus, ein ny båt, ny hest o.sl.

45. Til jul var det God jul, elles: Godt å r, God påake - God pinse - eller God h ø g t i d. Ved barnefødsel var det 2 Til lukke med guten(gjenta) truloving:

De får ha lukke til. Bryllaup: Eg ynskjer til lukke med-
dagen (bruda, brudgomen).

No er ordet gratulerar mykje brukt.

46. Ved dødsfall var det meir omstendeleg og vart nytta
fleire ord: Vi syrgjer med deg - Vi er med i sorga eller
dilikt til no i seinare tid ordet kondulerar er kome inn.
Det vart stundom før forveksla med gratulerar, og begge
har ein høyrte vore bruka på feil måte. Men det rettar seg
nok når bruken kjem inn.

27. Takkinga for slike lukkeynskingar og kondolanse var
berre med eitt snautt: "Takk"., eller Takk for det.

48. Ukjent.

46. Ein måte var å blåse litt i nasen!

50. Du vert bruka omlag til alle. Berr serhende og av dei
som har ~~væxæx~~ ute kan ein høyra De.

51. Han - ho er ikkje bruka i slik tyding.

Måtar å refse folk på.

1. Å ringe inne ein dårleg skjerar i "ein holme" var
ein måte å refse på. Sjeldan med slåtten.
2. Ukjent her. Men at ein gjorde eitt eller anna spikk
mot nattefriarar, var ikkje ukjent. Dei som kom med ro-
båt t.d. og fann båten sin langt framme i åkren eller
slik til at det måtte mannemakt til å få han på sjøen att.
Eller dei bytte ein hane, ein ver ell. likn i fjøsen for
den gut og gjente som heldt seg i lag. Slikt vakte opp-
stuss, og var ein måte å hemne seg på.
3. Korkje jul-skåka eller liknande er kjent herfrå. Men
eg har sjølv vore med på det i Troms.
4. Utnamn på ¹føkkvar ikkje uvanleg. Det kunne mynte på
sermerkte ord og uttrykk hos vedk. Eller fakter, t.d.
han Se-du (brukte mykje ser du). Folk som gjekk på vitjing
1. juledag - "snikte jul".
5. Ikkje noko nemne for det.
6. Heller ikkje - men den som ikkje gjorde slik vart
ikkje rekna som hine. Derfor heldt dei seg til skikkane.

8693

SE NFG 36
Allegg

(8694)